

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Sendt: 15.12.2017 09:50:24

Til: Askøy kommune; Bømlo kommune; Eidfjord kommune; Osterøy kommune; Vaksdal kommune; Øygarden kommune; Austevoll kommune; Fedje kommune; Fjell kommune; Granvin kommune; Kvam kommune; Meland kommune; Sund kommune; Tysnes kommune; Fitjar kommune; postmottak@samnanger.kommune.no; Radøy kommune; Voss kommune; postmottak@bergen.kommune.no; post@etne.kommune.no; Jondal kommune; Modalen kommune; post@odda.kommune.no; Os kommune; Stord kommune; Ulvik kommune; Austrheim kommune; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Masfjorden kommune; Fusa kommune; Kvinnherad kommune; Lindås kommune; Sveio kommune; Ullensvang herad

Kopi:

Emne: Til kommuneoverlegane i Hordaland - Informasjon til kommunane om distribusjon av jodtabletter

Vedlegg: 2387261.PDF

Informasjonsbrev til alle kommuneoverlegar i Hordaland - Distribusjon av jodtablettar

Fylkesmannen viser til vedlagte brev frå Helsedirektoratet.

I 2014 konkluderte ei eiga utgreiing frå Statens strålevern, Helsedirektoratet og CBRNe-senteret med at alle kommunar i Noreg bør ha tilgang til jodtablettar. Dette er grunngeve med auka trafikk av reaktordrivne fartøy langs kysten og potensielle utslepp frå kjernekraftverk i Sverige, Storbritannia og andre delar av Europa.

Helsedirektoratet skriv at alle landets kommunar kan vende seg til dei og få tilsendt jodtablettar til målgruppa til fraktkost. Målgruppa er barn og unge under 18 år, gravide og ammande kvinner.

Kommunane kan sjølv bestille tablettane frå Helsedirektoratet på e-post (postmottak@helsedir.no). Mengda av tablettar som kvar enkelt kommune kan bestille må ta utgangspunkt anbefalt dosering og storleiken på målgruppa i den aktuelle kommunen. I Hordaland har Bergen og Fjell erfaring med kommunal lagring.

Kommunen har ansvar for sitt eget tilbod om jodtablettar til innbyggjarane og må sørgje for ei forsvarleg oppbevaring som ikkje forringar kvaliteten på tablettane over tid (sjå brosjyren).

Alle kommunar er pålagt plikt til å planlegge for atomulukker og andre strålingsulukker. For heimel i lovverk og aktuelle forskrifter viser vi til vedlagd brev frå Helsedirektoratet.

Vi viser til vedlagte brev frå Helsedirektoratet.

Med venleg helsing

Helga Arianson

Karianne Flaatten

Fylkeslege

assisterande fylkeslege

Vedlegg:

Brev frå Helsedirektoratet frå 01.12.2017

Brosjyren "Jodtabletter ved atomhendelser"